

Ungdom i Kvam : – Mykje er bra, men...



Frå venstre: Kunstnar Katrine Meisfjord pratar med Jasmin Golis, Sara Coucheron Fykse, Alva Storemark Børve, Amalie Eide Aase og Eirik Botnen.

Foto: Bård Valvatne

Det er ikkje berre enkelt å vera ung i Kvam. Det kom fram i eit arrangement i Kunsthuset Kabuso på tysdag.

Bård Valvatne
valvatne@hf.no

Arrangementet opna med at unge frå Ungdomsbasen i Norheimsund og ungdomsrådet i Kvam fortalde om arbeidet med å laga 45 skumgummimodellar. Dei syner korleis dei unge ønskjer at området rundt Ungdomsbasen i Norheimsund kan verta med litt fantasi.

Etter presentasjonen følgde ein sofasamtale som vart leia av kunstnar Katrine Meisfjord. Der fekk dei unge fortelja om korleis det er å vera ung i Kvam.

Treng trygge møteplassar

Dei unge var samde om at det er ganske bra å veksa opp i Kvam. Det betyr ikkje at det ikkje er ting som kan verta betre. Som ein av paneldeltakarane sa:

– Me ønskjer at dei unge skal hugsa ungdomstida i Kvam som ei herleg tid. Då flyttar me gjerne attende som vaksne, fordi me ønskjer at våre born skal få ein like god oppvekst.

Fleire av ankepunktka handla om mangelen på gode samlingsplassar for dei unge.

– Min visjon for framtida i Kvam herad er at ein må ha fleire «hengeplassar» for born og unge i heile heradet. Dette må vera plassar som er trygge, utan at det vert brukt rusmiddel. På desse plassane må det alltid vera lov å koma uansett kven du er, sa paneldeltakar Amalie Eide Aase.

– Eg håpar at Ungdomsbasen framleis er her om nokre år og at den kanskje har utvikla seg slik at det er fleire ungdomsbasar. For dei som bur i Ålvik eller Strandebarne er det lang veg til Norheimsund, sa Alva Storemark Børve.

– Vanskeleg å vera annleis

Andre paneldeltakarar snakka om presset dei opplever gjennom sosiale medium.

– Ei undersøking frå 2017 syner at ti prosent av dei unge i



Dei unge ønskjer openbert å kosa seg når dei er ved Ungdomsbasen.

Foto: Bård Valvatne

Kvam har psykiske plager. Ei årsak kan vera sosiale medium. På Instagram ser ein ikkje mange vanlege kroppar og kviser. Dette påverkar oss og set bilete i hovuda våre om korleis me burde ha vore. Ein skulle kanskje tru dette ikkje var eit problem på bygda, men ungdom er ungdom. Me vil bli likt og me vil sjå bra ut. Eg ønskjer meir fokus på psykisk helse i skulane, sa paneldeltakar Jas-

min Golis.

Dei unge var òg opptekne av at det kan vera vanskeleg å vera annleis når ein bur på ein liten stad. På små stader finn ein ikkje det same mangfaldet som i byane. For dei som skil seg frå fleirtalet, kan det vera vanskeleg å finna likesinna.

– Folk som har ein annan legning, hudfarge, tankegang eller religion, vert ofte sett på som

annleis. Dei som er annleis, endar ofte opp med å skjula kven dei er fordi dei vil bli aksepterte. Det er slitsamt å alltid gå rundt med ei maske. Det er vanskeleg å vera ung fordi ungdomstida er den tida då du skal finna ut kven du er. Dette vert enda vanskelegare for dei som skil seg ut. Me må ha meir merksemd på at folk ikkje kan vera 100 prosent like, sa Sara Coucheron Fykse.

Mange kom ikkje

Arrangementet vart avslutta med at eit knippe kunstnarar og arkitektar fortalde korleis dei skal testa nokre av modellane til ungdommane ved Ungdomsbasen til sommaren.

Ein delegasjon frå rådhuset i Kvam og ein delegasjon frå fylkeskommunen var venta til arrangementet. Dei aller fleste kom ikkje på grunn av koronaviruset. Berre ordførar Torgeir Næss og varaordførar i fylkeskommunen, Natalia Golis, var til stades i salen.